



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-30

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet		

Aktivitetsdag for ungdomsskulane i Tokke

Saksframlegg godkjent 19.02.2025.

Finn Arne Askje

kommunedirektørBakgrunn for saka

Ungdomsrådet ynskjer å gjenta suksessen frå i fjor med ein aktivitetsdag på Tangane. Tanganeområdet ved badeplassen eignar seg særst godt til ein slik aktivitetsdag. Området er stort med god tilgang til å drive med fleire aktivitetar samtidig, og der er lett tilgang på straum og toalett.

Bakgrunnen for arrangementet er eit samarbeid med SLT-koordinator «Frå haldning til handling» i kommunen, politi, røde kors, Tokke brannvesen, og leiar av ungdomsklubben. Dette er eit førebyggjande prosjekt som skal motverke utanforskap og jobbe for sikker ferdsel ved og på vatn.

Saksutgreiing

Ungdomsrådet vil gjerne lage eit arrangement før skuleslutt der alle elevane frå 7.-10.klasse i Tokke får kome. Ungdomsrådet ser stor nytteverdi av å arrangere ein slik ein slik dag, der ungdommen sjølv deltek i planlegging, gjennomføring og organisering av aktivitetar som gir fellesopplevingar som styrkar samhold og tilhøyre, samtidig som ein lærer og får kunnskap om tryggleik på og ved vatn.

Konklusjon

Ungdomsrådet utarbeider ein framdriftsplan som beskriv forslag til aktivitetar, organisering, ansvarleg, samarbeidspartnarar, tidsfristar og budsjett. På bakgrunn av evaluering frå arrangementet i fjor, kan det vere nyttig å ha teori i klassene på førehand.

Kommunedirektørens tilråding

Ungdomsrådet utarbeider ein framdriftsplan som beskriv forslag til aktivitetar, organisering, ansvarleg, samarbeidspartnarar, tidsfristar og budsjett. På bakgrunn av evaluering frå arrangementet i fjor, kan det vere nyttig å ha teori i klassene på førehand.